



Radøy kommune - teknisk forvaltning

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/2012 - 18/11925

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

24.08.2018

Gbnr 41/12 Birkeland - uthus/grillhus, veg og rehabilitering av våningshus - uttale frå kultur

Viser til brev datert 16. august der de ber om uttale på byggesøknad for gnr 41/12 Skageneset på Birkeland.

Skageneset er eitt av sju sikra statlege friluftsområde i Radøy kommune, og eit viktig rekreasjonsområde både for lokalbefolkninga, turistar og båtfolk. Området er unike kvalitetar som friluftsområde, og har er i kartlegginga av friluftslivsområde vurdert til å vera eit A-område, som vil seia eit svært viktig friluftsområde. Å tilretteleggja for friluftsbuk er positivt med tanke på friluftsliv og folkehelse.

Samstundes som å vera eit friluftsområde, er Skageneset òg eit svært viktig kulturmiljø. Området var opprinnleg ein husmannsplass frå slutten av 1800-talet og seinare eit småbruk med både våningshus, delar av løe, uthus, potetkjellar og naust bevart. Med unntak av kaien, er det heller ikkje bygd noko nytt i Skageneset sidan andre verdskrig. Under andre verdskrig vart Skageneset nytta til å skjula flyktningar medan dei venta på transport til Øygarden og vidare til Shetland.

Det autentiske og godt bevarte miljøet i Skageneset kombinert med historia frå andre verdskrig, gjer at Skageneset er plassert i verneklasse A i Radøy kommune sin kulturminneplan. I samsvar med kulturminneplanen skal kulturavdelinga ha til uttale alle saker som gjeld mellom anna utskifting av tak, bjelkelag og vindaug slik at ein kan koma med uttale og knytta kulturminnefagleg kompetanse til prosjektet. Kulturminneplanen vart vedtatt 7. desember 2018, og vart sendt på høyring til mellom anna Bergen og Omland friluftsråd i september 2018. Friluftsrådet var såleis kjende med at Skageneset var foreslått i verneklasse A.

Frå eit kulturminnesynspunkt er det positivt at våningshuset vert tatt vare på og at det vert nytta. Ved restaurering og rehabilitering av viktige kulturminne er det eit prinsipp at ein skal ta vare på mest mogleg. Søkjar skriv at ein grunna råteskader var nøydde til å skifta ut alle sperr, sutak og kledning, og ein har vald å erstatta både sperr og kledning med material med same profil som tidlegare er nytta. Om det er slik at alt måtte bytast, er det positivt at ein har vald å erstatta det med

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



tilsvarende material. Når det gjeld eternittaket måtte dette skiftast, og val av skifer som takteking vert vurdert som eit godt val også frå eit kulturminneperspektiv.

Det bør ikkje stillast krav om oppgradering til gjeldande teknisk forskrift då dette vil forringa kulturminneverdien til bygget ytterlegare.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Silje Haukedal

Mottakarar:

Radøy kommune - teknisk
forvaltning